



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Kirsten Windingstad
Vølbusvegen 108
2940 Heggenes

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

SKOFAR - 26/1127

53/1/162/0, L42

03.07.2026

Saksnr.	Utval
193/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
173/26	Kommunestyret

Vedtak - Dispensasjon og byggeløyve for etablering av veg - 53/1/162 Synhauglie 77.

Tiltak: Etablering av veg
Byggjestad: 53/1/162 Synhauglie 77, 2943 ROGNE
Tiltakshavar: Kirsten Windingstad, Vølbusvegen 108, 2940 HEGGENES
Søkjar: Kirsten Windingstad, Vølbusvegen 108, 2940 HEGGENES

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, søknad om dispensasjon frå *Kommuneplanens arealdel 2026-2038*, datert 29.06.2026.

Dispensasjonen gjeld etablering av veg frå eksisterande «hovudveg» over LNFR-område til eksisterande fritidsbustad på gnr. 53, bnr. 1, fnr. 162 Synhauglie 77. Tiltaket er vurdert til å ikkje sette omsyna bak føresegna eller omsyna til lovens føresegnmål vesentleg til side, og fordelane er vurdert til å vere klart større enn ulempene.

Med heimel i plan- og bygningslova §20-3, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak, etablering av veg til hytte på gnr. 53, bnr. 1, fnr. 162 Synhauglie 77, i samband med søknad datert 10.06.2026 og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Det skal sendast inn *Erklæring om ansvarsrett* for føretaket som skal utføre arbeidet før arbeidet blir sett i gang.

2. Etablering av vegen skal gjerast på ein skånsam måte, og i tråd med vilkår i brev frå Statskog datert 04.06.2026.
3. Privatrettslege forhold er ikkje vurdert i saka.

Bakgrunn for saka.

Kirsten Windingstad søker om dispensasjon frå arealdelen for etablering av veg til eksisterande hytte. Det søkjast samtidig om byggeløyve for etablering av vegen. Vegen er om lag 75 meter og skal gå over LNF-område.

Saksopplysningar


Tomta er ei festetomt og ligg i den austlege delen av Synhauglie. Det er per i dag ingen veg til hytta, og parkeringsmoglegheit er nord for nabotomt 53/1/313.

Vegen er prosjektert langs terrengkoter frå «hovudvegen» i hyttefeltet og er om lag 70 meter.

Det ligg føre løyve frå grunneigar (Statskog) for etablering av veg i brev datert 04.06.2026.

Det ligg føre skriftleg samtykke datert for etablering av vegen frå eigar av nabotomt 53/1/313.

Det er ingen merknadar til tiltaket.



Figur 1: Situasjonsplan

Vurdering

Tomta ligg i eit eldre hytteområde på Synhauglie, som er ferdig utbygd. Det er etablert tilkomstvegar til dei fleste hyttene i området, med unntak av der veg ikkje er mogleg å etablere. Området er ikkje regulert ved reguleringsplan og gjeldande plan for området er arealdelen til kommuneplanen.

Tomta er eit punktfeste utan oppmålte grenser, med arealføremål noverande fritidsbustad. Arealføremålet mellom tomte og «hovudveg» i hytteområdet er LNRF-område. Det betyr at


etablering av veg til hytteføremål ikkje er i tråd med føremålet og det er naudsynt med dispensasjon.

For at kommunen skal kunne gi dispensasjon, må vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd vere oppfylt.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.

Arealføremålet LNRF er landbruk, næring, reindrift og friluftsliv. Etablering av veg i dette føremålet er i utgangspunktet ikkje tillat. I dette tilfellet må ein sjå på heilheita av området. Området er eit eldre hyttefelt der alle tomter er bebyggt, det er ikkje planlagt fortetting eller oppretting av nye fritidstomter i denne planperioden. Områda mellom eksisterande tomter er difor avsett til LNFR. Etablering av veg på om lag 70 meter frå «hovudveg» til eksisterande tomt er vurdert til å ikkje sette omsyna bak føresegn vesentleg til side.

Eigedomen er den einaste i dette området som ikkje har veg til tomta. Etablering av veg vil føre til at det ikkje lenger blir naudsynt å parkere på annan eigedom eller ved hovudvegen. Vedlagte teikningar syner at vegen skal etablerast langs terrengkoter og er tilpassa terrenget på ein god måte. Det er gjennomført DOK-analyse av området den 03.07.2026 utan treff på verdiar av interesse som kan bli råka av tiltaket.



Figur 2: Oversiktskart

Kommunen har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7. Tilgjengeleg kunnskap er innhenta frå kommunens DOK-analyse. Det er ikkje registrert særskilde naturverdiar innanfor tiltaksområdet. Kommunen legg derfor til grunn at tiltaket ikkje vil ha vesentleg verknad på naturmangfaldet. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12 er vurderte og funne å ha avgrensa relevans i saka.

Ut frå gjennomført DOK-analyse og plassering av vegen er det vurdert at fordelane er klart større enn ulempene, og etablering av veg til hytta har positive fordelar då det vil gje parkering på eige tomt i staden for lang veg eller på naboeigedom.

Kommunedirektørens vurdering er at omsyna bak føresegn ikkje blir vesentleg sett til side og at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempa.

Etablering av veg fell inn under plan- og bygningslova § 20-1 og § 20-3. Kommunen har ingen merknadar til byggesøknaden utover at det skal sendast in *Erklæring om ansvarsrett* for ansvarleg føretak som skal utføre arbeidet og at tiltaket blir utført i tråd med vilkår i brev frå Statskog datert 04.06.2026.

Tiltaket er elles vurdert i tråd med gjeldande føresegn. Den samla vurderinga er at dispensasjon og byggeløyve kan gis på vilkår nemnt under punktet *Følgjande vilkår*.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert med journaldato 11.06.2026 og 29.06.2026

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Gebyr

For handsaming av søknad om dispensasjon og byggesøknad er det eit gebyr på kr. 13 877 (8 911 - dispensasjon) + kr. (4 996 - byggeløyve), jf. kommunens gebyrregulativ punkt 3.2.7.3 og 3.1.7.1. Faktura blir sendt tiltakshavar.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Vedlegg

Kopi til:

Pål Bredesen	Bygdinvegen 1824	2943	Rogne
Statskog SF	Postboks 63	7801	NAMSOS
	Sentrum		
Vidar Haugene			

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar